




# BEITEBRUKSPLAN FOR LOM KOMMUNE

Vedteke av Lom kommunestyre 30.08.2007.



# Lom



# BEITEBRUKSPLAN FOR LOM KOMMUNE

## 1. Innleiing:

### a. Bakgrunn for planen

Kommunedelplan for næringsutvikling i Lom kommune 2003-2005 har ein delplan for landbruk. Denne planen har eit rikhaldig bakgrunnsmateriale og det blir vist til denne. I tiltaksdelen her er beitebruksplan nemnt som eitt av tiltaka. På denne bakgrunn sette formannskapet ned ei arbeidsgruppe til å koma med framlegg til beitebruksplan. Frå fylkesmannen si landbruksavdeling har det kome ynskje om at alle kommunar skal utarbeide ein beredskapsplan for beitedyr. Med dette som utgangspunkt er det utarbeid ein beitebruksplan der beredskapsplan for beitedyr er innarbeid.

### b. Målsetting

Målsettinga med planen er å dokumentera beitebrukarane sine interesser og beitet sin økonomiske verdi. Likeså er det eit mål å synleggjera beitebruken sin verdi for kulturlandskapet og at beitedyr er ei oppleving i seg sjølv. Beitedyr er med og held landskapet oppe og gjer det meire framkomeleg. Planen skal vera eit dokument som det skal leggjast vekt på ved alternativ utnytting av utmarka.

### c. Organisering og arbeidsmåte.

Formannskapet sette i sak 071/04 den 23.03.04 ned ei arbeidsgruppe av lag/organisasjonar med landbrukskontoret som sekretær til å arbeida fram eit planutkast. Alle valde sin eigen representant og arbeidsgruppa har vore:

Bjørnar Brustuen,	Lom Fjellstyre
Jon Sjurgard	Lom Bondelag
Lars Juvstad	Lom Bonde- og Småbrukarlag
Bjørn Teigen	Lom Beitelag
Magnar Hansen	Lom Tamreinlag

Arbeidet starta opp sommaren 2004 og vart slutført våren 2007. Prosessen med kartvedlegga førte til at slutføringa måtte utsetjast eitt år i høve til det som var tenkt.

### d. Politisk behandling

Planen vart behandla i formannskapet den 13.03.07 under sak 26/2007 der etter sendt på høyring og sluttbehandla i kommunestyret under sak 39/2007 den 30.08.2007.

## 2. Beitebruken

### a. Arealgrunnlaget

Lom har eit totalareal på 1.945 km<sup>2</sup>. Dette fordeler seg slik i høgde over havet

Høgde over havet (m)	km <sup>2</sup>
350- 600	33
600- 900	107
900- 1200	277
1200- 1500	634
1500- 1800	570
1800- 2100	291
2100- 2400	33

Type	Areal	%
Evig snø og is	142 km <sup>2</sup> Fordelt på 174 område	7,3
Snaufjell	Ikkje oppmålt, overslag	ca. 77
Skogkledd	178 km <sup>2</sup>	9,2
Ferskvatn	74 km <sup>2</sup> Fordelt på 2.232 vatn	3,8
Myr	10 km <sup>2</sup>	0,5
Jordbruksareal	23 km <sup>2</sup>	1,2
Anna areal (bebyggd m.m.)	Ikkje oppmålt	mindre enn 1
<b>Totalt</b>	<b>1.945 km<sup>2</sup></b>	<b>100</b>

Gjennomsnittelig høgde i kommunen er 1.450 m.o.h.

Kjelde: Offisielle tal frå NGU

### 3. Beitekvalitet.

Vi har ikkje vegetasjonskartlegging som fortel oss serleg om beitekvaliteten. Men produkta frå Lom fortell om ein ypperleg beitekvalitet. Lom har av dei absolutt beste lamma både når det gjeld vekt og klasse. Tamreinen er i verdstoppen. Kjøtt produsert på fjellbeite/utmarksbeite blir prega smaksmessig og har ein sunnare feittsyresamansetnad enn kjøtt produsert på gjødsla innmark/inneføring.

#### b. Seterdrift

Seterdrifta har lange tradisjonar og ein stor del av bruka har eller har hatt seter. Setringa var i hovudsak for å nytta ut fjellbeitet. I dag er det 21 bruk som brukar setra til mjølkeproduksjon, 19 setre i drift med kumjølkeproduksjon og 1 fellesseter for geit. I 1938 var det 126 og 164 i 1907. Det var serleg i tida etter 2. verdskrig setringa gjekk nedover. Dette hadde mange årsaker, bl.a. mindre arbeidshjelp på gardane, meire rasjonell drift, nedslitne bygningar, omlegging av kalvingstida, setrene mangla som regel strøm, m.m. Setringa styrde i stor grad beitebruken og det var ofte nokså detaljerte reglar for utnytting av beitet rundt setrene. I tillegg til at setringa utnytta beiteressursane kravde setringa mykje brensel. Dette gav som resultat at skog og kratt vart halde nede.

#### c. Anna beitebruk med husdyr.

Frå gammalt og heilt fram til siste halvdel av 1900 var alle grovforetande husdyr på beite heile sesongen, nær sagt frå det fyrste grøne strå og til seine hausten. Beitet var det viktigaste foret. Det var mest berre sauene som gjekk fritt. Ein del hestar vart slept fritt delar av sesongen. Mest alle storfe og geit var inne om natta, enten på setra eller heime. Beitebruken har endra seg sterkt, slik at mestedelen av beitedyra går fritt heile beitetida og sesongen er mykje stuttare. For å synleggjera omfanget av beitebruken tek vi med utviklinga i husdyrtal.

Tal henta frå jordbrukstellingane til Statistisk Sentralbyrå. (Unntak 2003 som er prod.tillegg)

20.06.	Hestar	Storfe			Sau			Geit		
År	I alt	Kyr	Ungdyr	I alt	Voksne	Lam	I alt	Voksne	Kje	I alt
1865	360			2636			6960			3337
1929	299			2488			2521			3064
1939	376	1999	1276	3275	1799	1849	3648	1691	214	1905
1949	336	1944	935	2879	2154	2361	4515	1409	285	1694
1959	253	1634	1314	2948	1392	1740	3132	816	118	934
1969	93	1599	1531	3130	1193	1566	2759	365	57	422
1979	25	1725	2163	3888	1702	2446	4148	352	117	469
1989	24	1492	2502	3994	2603	4423	7026	341		
1999	42	1452	2608	4060	2959	4178	7137	260	158	418
2003 (31.07)	67	1410	2664	4074	2785	4620	7405	273	161	434

#### DYR PÅ UTMARKSBEITE 2004 IFLG. SØKNAD OM PRODUKSJONSTILLEGG

Beiteområde	Bruk	Slept beitedyr på utmark min. 8 veker				
		Kyr	Ungdyr	Sau	Geit	Hest
Garmo	25	221	177	806		11
Meadalen/Smådalen	24	191	218	602		
Baksida/Hovde	8	27	51	719		
Visdalen	8	99	155			
Raustadstulen	5	22	31	624		
Myttingen	5	48	47	308		
Leirdalen	10	52	56	685	259	3
Bøvertun/Breiseterdalen	5	30	30	662		1
Høydalen	4	33	51		177	
Prestsetra	7	48	53	284		
Neto, Lom	3	24	11	114		
Neto, Skjåk	16	63	64	802		
Leiråsen	5		25	268		
Lomseggen vest for Sula	11	10	10	727	18	
Lomseggen aust for Sula	6	24	15	490		
Lia/Stavåsen	19	98	95	719		8
Finndalen	19	167	175	440		4
SUM	180	1.155	1.266	8.250	454	27

Veodalsdrifta og Storådalen beitelag er med i tala der bruka høyrer til. Det er ca. 80 storfe i kvar drift. Desse dyra kjem for det meste frå Lia og Garmo.

## TAP AV SAU I LOM PÅ UTMARKSBEITE

### TAL FRÅ ORGANISERT BEITEBRUK

Lom beitelag

År	Slept			Tap			Tapsprosent		
	Sau	Lam	Total	Sau	Lam	Total	Sau	Lam	Total
1986	2195	3332	5527	31	133	164	1,41	3,99	2,96
1990	2060	3525	5585	29	103	132	1,4	2,92	2,36
1995	2372	3929	6301	32	185	217	1,35	4,71	3,44
1996	2388	4031	6419	34	176	210	1,42	4,37	3,27
1997	2288	3894	6182	39	281	220	1,7	7,22	5,18
1998	2167	3704	5871	41	338	379	1,89	9,13	6,46
1999	2217	3725	5942	58	342	400	2,62	9,18	6,73
2000	2045	3490	5505	40	381	421	1,96	10,92	7,61
2001	2208	3875	6083	47	306	353	2,12	7,89	5,8
2002	2273	4018	6291	49	288	337	2,16	7,17	5,36
2003	2308	3850	6158	48	222	270	2,08	5,77	4,38
2004	2322	4101	6423	41	329	370	1,76	8,02	5,76

Lia

År	Slept			Tap			Tapsprosent		
	Sau	Lam	Total	Sau	Lam	Total	Sau	Lam	Total
1995	429	668	1097	11	57	68	2,56	8,53	6,19
1996	441	731	1172	5	51	56	1,13	6,98	4,77
1997	438	688	1126	11	71	82	2,51	10,3	7,28
1998	387	642	1029	11	114	125	2,84	17,75	12,2
1999	366	584	950	17	111	128	4,64	19,0	13,47
2000	336	551	887	11	173	184	3,27	31,39	20,74
2001	272	449	721	7	136	143	2,57	30,28	19,83
2002	297	501	798	13	132	145	4,37	28,94	18,17
2003	297	494	791	11	105	116	3,7	21,25	14,66
2004	268	448	716	10	93	103	3,73	20,75	14,38

Lom utanom Lia

År	Slept			Tap			Tapsprosent		
	Sau	Lam	Total	Sau	Lam	Total	Sau	Lam	Total
1995	1943	3261	5204	21	68	89	1,08	2,08	1,71
1996	1947	3300	5247	29	125	154	1,49	3,79	2,93
1997	1850	3206	5056	28	210	238	1,51	6,55	4,7
1998	1780	3062	4842	30	224	254	1,68	7,31	5,24
1999	1851	3141	4992	41	231	272	2,21	7,35	5,44
2000	1709	2939	4648	29	208	237	1,69	7,07	5,09
2001	1936	3426	5362	40	170	210	2,06	4,96	3,97
2002	1976	3517	5493	36	156	192	1,82	4,43	3,49
2003	2011	3356	5367	37	117	154	1,83	3,48	2,86
2004	2054	3653	5707	31	236	267	1,5	6,46	4,68

Mesteparten av beitinga med storfe skjer utan nokor form for formell organisering. Storådalen beitelag vart etablert i 1989/90 og nyttar ut beitet i Storådalen og Veslådalen ved Gjende. Dei siste åra har denne drifta hatt ca. 80 dyr. I 2006 vart innmeldinga så stor at aale dyr fekk ikkje vera med. Det vart avgrensa til ca. 130 dyr. Dyra blir frakta til Gjendesheim med bil og derifrå på flåte til Gjendebu. Det er tilsyn i ca. 50% stilling og dyreeigaren deltek ved slepping, sanking og spesielle hendingar.

Lom Fjellstyre har i lang tid organisert beitedrift for storfe i Veodalen. Her er det også ca. 80 beitedyr og fjellstyret har ordna tilsyn. Dei siste åra har Gudbrandsdal Fjordhestlag slept hingst og merrer i Veodalen. Tilsynet har vore samordna med storfedrifta. Den 04.02.2005 vart Veodalen beitelag BA stifta etter oppfordring frå Fjellstyret som trekte seg ut av drifta. Også Vårdalen beitelag vart stifta og kom i drift i 2005. Dette omfattar alle beitebrukarane, både storfe og sau, med adresse Garmo og dei frå Lia som beiter i Smådalen med nokre få unnatak.

Elles blir det slept storfe, for det meste ut frå seterområda, utan organisering og fast tilsyn. Dyreeigarane har tilsyn kvar for seg.

Dei fleste saueigarane er med i Lom beitelag som er ein samanslutnad av fleire gamle beitelag og enkeltmedlemar/område som har kome til seinare. Områda som er med har fått eit lokalt namn. Desse er Soleggen, Raubergstulen, Myttingen, Leirdalen, Bøvertun, Prestsetra, Lomseggen, Leiråsen og Lia. I tillegg kjem ein del enkeltmedlemar. Tilsynet blir stort sett utført av medlemane sjølve. Dei siste åra har Lia hatt forsterka tilsyn på grunn av rovdyrproblematikk. I flg. reglane for organisert beitebruk skal det vera tilsyn minst ein gong kvar veke i kvart beiteområde. Sankinga om hausten skal vera organisert, men dette fungerer ikkje tilfredsstillande over alt.

#### d. Tamreindrif

På sørsida av Otta elv er det berre tamrein som nyttar reinbeitet. Lom tamreinlag, stifta 1926, har ein vinterflokk på om lag 2.300 dyr og sommarstid er det ca. 4.000. Dette gjev god utnytting av beiteressursane, arbeidsplassar samt inntekt til andelseigarane. Det er 1068 andelar fordelt på ca 220 andelseigare der Lom kommune er største eigar med 60 andelar. Det er beiteavtale med forskjellige rettighetshavare både i Lom, Vågå og Vang. Lom fjellstyre er den absolutt største og det blir betalt til saman ca. kr 340.000,- i beiteleige pr. år.

#### e. Verdsetting

Utmarksbeitet er ein av dei viktigaste ressursane for landbruket i ei fjellbygd. Sauehald utan bruk av utmarksbeite er utenkjeleg i vårt område. Storfehaldarane gjer seg også stor nytte av utmarka. Sau og storfe står for om lag like stort opptak av utmarksbeite. For å synleggjera verdien set vi opp fylgjande rekneeksempel:

8.400 sauer, 1 f.e. pr. dag i 90 dagar	756.000 f.e.
1.150 kyr, 5 f.e. pr dag i 60 dagar	345.000 ”
1.300 ungdyr/kalv, 4 f.e. pr. dag i 80 dagar	416.000 ”
415 geit, 1 f.e. pr. dag i 75 dagar	31.100 ”
20 hestar, 6 f.e. pr. dag i 75 dagar	9.000 ”
SUM husdyr	<u>1.557.100 f.e.</u>

(1 f.e. = verdien av 1 kg bygg).

Ved å nytta ei avling på 350 f.e. pr. da vil dette tilsvare ca. 4.450 da fulldyrka jord. Set vi inn ein f.e. pris på kr 3,- får vi ein totalverdi på ca. kr 4,67 mill. Brukar vi produktverdien blir summen betydeleg høgare.

For tamreinlaget er beitet heile driftsgrunnlaget. Bruttoinntekta er ca. kr 3,5 mill. Dette gjev 5-6 årsverk og dei siste åra solid overskott i utbytte til andelseigarane som må vera busette i kommunen.

### 3. Utfordringar

#### a. Beiteretten

Så vidt vi kjenner til har alle bruk beiterett i utmark, men ikkje slik å forstå at alle bruk har beiterett over alt. Kvalt bruk har hatt sine område dei beitar i og dette er uavhengig av grunneigarforholda. Frå gamalt vart beiteretten praktisert mykje strengare enn i nåtid.

#### b. Rovvilt

Fram til ca. 1990 var ikkje rovdyr problem av betydning for beitebruken. Etter den tid fekk vi kjerneområde for jerv der heile Lom kommune nord for Otta elv vart med. Jerveskadane auka og det vart fast jervestamme i Liafjellet/Finndalen. Dette vart ei stor utfordring for sauehaldet og lammetapet har i fleire år vore om lag 30%, for enkeltbuskaper heilt opp mot 80%.

Kjerneområdet vart oppheva i 2002. Resten av kommunen har også fått føle oppgangen i jervestamma. Både i august 2004 og 2006 vart det teke ut ein jerv i Liafjellet. Våren 2005 vart det registrert yngling av jerv i Visdalen. I 2006 var det yngling i Finndalenområdet og Visdalen, likeså i Lundadalen mot Lomseggenområdet.

Gaupa gjorde størst skade sist i 90-åra. Det er fast tilhald av gaupe i kommunen og siste dokumenterte yngling var i Visdalen 2003. Det er også vinteren 2004/05 gjort sporobservasjonar som kan tyde på familiegruppe i same området. Rådyrbestanden har gått sterkt attende og dermed tilgangen på vintermat for gaupa. Dette saman med uttak av 2 dyr i Lom og fleire i nabokommunane er hovudårsaken til reduksjonen i gaupeskadane dei siste åra.

Vi har i blant streifdyr av bjørn og ulv utan at det har vorte registrert nokon stor skade.

Det er fleire kjente hekkeplassar for kongeørn og vi har av den tettaste kongeørnbestanden i Sør-Norge. Kor stor skade kongeørna gjer er lite dokumentert. At ho tek ein del lam er både velkjent og dokumentert. Vi veit også at ho har teke vaksen sau.

For enkelte sauebuskaper er reven eit problem om våren.

#### c. Attgroing – tap av biologisk mangfald.

Utmarka er ein viktig ressurs som må pleiast og takast vare på. Dette gjer vi best ved beiting. Landbruket har eit ansvar for å halde kulturlandskapet vedlike. Det blir oftare og oftare nemnt at landbruk ikkje er berre vareproduksjon, men også produksjon av kulturlandskap m.m., det multifunksjonelle landbruk. For å kunne utføre dei krava/ynskja som blir sett til landbruket må rammevilkåra vera slik at det gjev inspirasjon og økonomisk lønsemnd. Stadig fleire grupper og personer i samfunnet utanom landbruket blir klår over verdien av eit velpleia kulturlandskap. Kulturlandskapet er største ressursen for turistnæringa, ei næring som også landbruket blir oppfordra til å satse på.

Den aukande attgroinga i utmark har 2 hovudårsaker som er redusert beitebruk/setring og klimaendringar. Gjennom strukturendringar og endringar i landbrukspolitikken har beitebruken vore under stadig endring. Blir beitedyra borte vil også det biologiske mangfaldet bli borte. Biologisk mangfald er mykje meire enn å ta vare på/bygge opp rovdyrbestandar. For storfeet sin del har auka krav til sommarmjølksproduksjon gjeve som resultat ein mindre bruk av utmarksbeite. Dette på grunn av at setringa mest er slutt og produksjonen av

sommarmjølkk skjer på heimebruket. Grovforet om sommaren blir da som regel innmarksbeite og/eller avling frå fulldyrka eng. Utmarksbeite blir i liten grad nytta til kyr som mjølkar. Omlegging til auka sommarmjølkkproduksjon har medført mindre haustkalving. Ved at kalvane blir yngre til fyrste sommaren er det lite aktuelt med utmarksbeite for dei. For eldre ungdyr kan utmarksbeite bli problematisk på grunn av paringstid og/eller kalvingstid. Det er ein tendens til meir haustkalving att dei 2-3 siste åra. Ved at setrene er mykje mindre nytta enn før og at dei som er nytta har fått endra bruk blir det attgroing i seterområda. Dette skuldast både mindre beiting og mindre behov for brennbart virke. Eit nytt moment som kan virka negativt for utmarksbeitebruken er samdriftene som er på full fart inn.

Sauen har gjennom alle tider vore kalla "fjellets slåttekar" og det med rette. For å kunne oppretthalde eit høgt sauetal må vilkåra leggjast til rette, dette gjeld spesielt økonomisk og i rovdyrpolitikken.

Geita som er beste kulturlandskapspleiaren er godt som borte vorte. Det same gjeld hesten.

#### d. Gjerdehald.

Ved at fleire og fleire bruk blir husdyrlause blir gjerdequaliteten dårlegare og dårlegare. Dette er i mange område eit stort problem for dei som driv med husdyr. Dyra kjem inn på område dei ikkje skal vera på og dei får uvanar. Det juridiske grunnlaget er noko uklårt. Nedfalne gjerde og gjerde som er dårleg vedlikehalde er ein stor fare både for dyr og folk.

Dei siste åra har det vorte sett opp fleire sperregjerde over lengre strekningar for å halde dyra i beiteområda. Eksempel her er ovafor Galdesand og i Kleppdalen. Eit lengre sperregjerde i Lia er under oppføring.

Ved enkelte hytter dukkar spørsmålet om inngjerding opp. Dette kan ha fleire årsaker og ein må ha forståing for at hyttefolket vil beskytte seg mot dyr heilt inn til husveggen.

#### e. Andre næringsinteresser

Lom har hittil ikkje hatt konflikhtar av betydning mellom beiteinteressene og andre næringsinteresser i utmark. Det har vore nokre få tilfeller av beiteskade på plantefelt/ungskog. Dette kan i stor grad hindrast ved at sauen ikkje blir slept til skogs utanom vanleg beitetid og at det ikkje blir nytta "gnag" av bartre. Vi registrerer ein auka pågang frå andre brukarinteresser. Utmarksarealet i Lom er stort og det bør vera plass for både beitebruk og andre næringsinteresser ved å ta omsyn til kvarandre.

#### f. Friluftssinteresser

Aktiv beitebruk har gjeve eit kulturlandskap som er svært godt egna til friluftsliv. Beitebruken har også produsert råk (stigar) og ferdselsveggar. Redusert beitetrykk vil føre til attgroing og dermed blir det vanskelegare å koma fram for dei som ferdast i utmarka.

For beitebruken er det både positive og negative sider ved friluftslivet som folk utøver. Mange som nyttar beiteområda til friluftsføremål er flinke til å varsle frå ved unormale forhold. Auka trafikk av folk er positivt for å halda rovdyra på avstand.

Det er ein betydeleg auke i hundehald og det er ikkje alle som er like flinke til å overhalde bandtvangen og passe på hundane. Det bør arbeidast for å få felles forskrift om utvida bandtvang i Ottadalskommunane i samsvar med "Hundelova" § 6 bokstav e. Beiteretten krysser i ein del tilfelle kommunegrensene. Friluftslivet fylgjer heller ikkje kommunegrensene. Det ville vera ein stor fordel med lik lovgjeving i alle 3 Ottadalskommunane.

I dei fleste beiteområda i Lom har det ikkje vore småviltjakt med hund før 22. september. Dette har vore ei god ordning som bør halda fram.

#### 4. Tiltaksdel

Utfordringa blir å oppretthalde eller helst auke beitetrykket i utmark. Eit svert avgjerande moment her er landbrukspolitikken. Det må i betydeleg grad stimulerast til å nytte utmarksbeitet. I tillegg til den generelle landbrukspolitikken bør det vurderast kommunal støtte til beitetiltak. Frå 2005 har vi regionalt miljøprogram og vi må vera ein aktiv pådrivar for å auke tilskotta til beitebruk og setring.

Tal beitedyr må haldast minst på dagens nivå. Sambeiting av fleire dyreslag er ynskjeleg. I tillegg til opplistinga under blir det vist til pkt. 6.

#### 5 Tiltak

Kva	Korleis	Når	Kven
Hindre beiteskade i barskog	Sau må ikkje sleppast i barskog utanom ordinær beitetid og ikkje i noko tilfelle mellom 01. november og 17. mai. Ikkje nytte "gnag" av bartre.	Frå 2007	Dyreeigar
Aktiv bruk av utmarksbeite	Påvirke sentrale myndigheiter (nasjonalt og regionalt) til å gjeva rammevilkår som stimulerer til beitebruk	Stadig	Alle
Uttale om beitebruk og beiterett i forvaltningsmessige vedtak	Alle tiltak/planar i beiteområda skal leggjast fram for beitebrukarane til uttale på eit tidlegast mogleg stadium og i alle tilfelle før vedtak blir fatta	frå 2007	Tiltakshavar Kommunen,
Tiltak i beiteområde som fremmer beiting	Økonomisk tilskott til investeringar, for eksempel sperregjerde, klopper m.m.	Frå 2007	Kommunen v/SMIL midlar
Inngjerding av hytter	I prinsippet ikkje inngjerding, Beiteinteressene skal vera avgjerande. Maks 100 m2. Tregjerde av god og trygg standard	Frå 2007	Kommunen v/godkjenning
Småviltjakt med hund	I beiteområde med konflikt bør småviltjakt med hund utsetjast til 22.09.		Rettighetshavar
Beitelag	Organisera alle beitebrukarane i <u>aktive</u> beitelag		Beitebrukarane Kommunen
Råk og ferdseisvegar	Rydde og halde vedlike. Økonomisk stimulans ved bruk av SMIL-midler		Beitebrukarane Kommunen
Merking av beitedyr	I tillegg til påbudt individmerking skal alle beitedyr merkast med navn til dyreeigar	2007	Dyreeigar
Utvida bandtvang for hund	Vågå og Skjåk har vedteke litt forskjellige forskrifter for utvida bandtvang. Lom har forskrift under arbeid (lik Vågå).	2007	Kommunane

## 6. Beredskapstiltak

OMRÅDE	TILTAK	ANSVAR
Gjerde, ferister	Kvar enkelt gjerdeeigar (også utan husdyr) sjekker eigne gjerde kvart år. Eigar av ferist må syta for ansvarsforsikring. Beitebrukare og andre som kjem over uforsvarlege gjerde melder frå til dyrevernemnda. Gjerderestar og dårleg vedlikehaldne gjerde skal fjernast. Gjerdelova §§ 3 og 5 Dyrevernlova §29	Gjerdeeigar Eigar av ferist Dyrevernemnda
Bygningar i beiteområde.	Eigare av bygningar sjekkar for "dyrefeller" minst kvart år. Dyrevernlova §28	Bygningseigar
Saltingsplassar	Beitebrukarane syter for faste saltingsplassar, gjerne med saltsteinautomatar. Salting skal skje i <u>god avstand frå vegar og bygningar.</u>	Husdyreigar/beitelag
Skårfeste/stup	Så langt det let seg gjera sikre kjente fareplasser med for eksempel gjerde Dyrevernlova § 2	Husdyreigar/beitelag
Rovdyr	Aktivt tilsyn. Rovdyr kan fellast ved direkte angrep på bufe og tamrein. Viltlova § 11 Dokumentere funn av kadaver Søkje fellingsløyve ved utåleleg aktivitet frå rovdyr. Til å ta ut rovdyr ved betinga fellingsløyve nyttast lokale jegere, medlemar i fallviltgruppa og SNO. Jaktleiar/lag godkjennast av kommunen i kvart enkelt tilfelle. (Fast kommunalt oppnevnt jaktlag fungerer dårleg) Gjennomføre førebyggjande tiltak dersom dei er økonomisk forsvarleg og fungerer	Husdyreigar Husdyreigar/SNO  Beitelag/ Kommunen Husdyreigar Beitelag/ Kommunen/ SNO  Husdyreigar/ Beitelag
Laushund	Bandtvang må respekterast. Melde frå til hundeeigar/politi om laushund eller om nødvendig avlive. Lov om hundehold §§ 6, 14, 15	Hundeeigar Husdyreigar/ Beitelag
Sleppetid	Vurdere beitemengde og denne skal vera tilfredsstillande før slepping. Dyrevernlova §10	Beitelag/husdyreigar
Helsetilstand ved vårslepp	Sleppe berre friske og livskraftige dyr. Ikkje sleppe morlause lam under 8 veker Forskrift om velferd for småfe §25	Husdyreigar/beitelag
Transport	Nytte godkjent transportmiddel med tilstrekkeleg plass. På- og avlasting skal skje utan fare for dyra. Forskrift om transport av levende dyr §§ 4, 21	Transportør/ Husdyreigar



Tilsyn	Det skal vera tilsyn i alle beiteområde minst ein gong pr. veke Dyrevernløva §5. Forskrift om velferd for småfe §19 Forskrift om tilskott til organisert beitebruk	Beitelag/husdyreigar
Informasjon om beiting	Setja opp informasjonsplakatar på godt synbare stader om bandtvang, beiting, varslingstelefon for funn i beiteområde.	Beitelag Husdyreigarane
Varsling	Det er oppretta fast varslingstelefon for heile kommunen, <b>61219100</b> Vaktcentralen Dyrevernløva §§ 5, 6.	Lom beitelag
Skilting langs veg	Fareskilt langs vegar med stor fare for påkjørsel av dyr	Beitelag Kommunen Vegvesenet
Sanking	Hovudsanking av sau i snaufjellet skal vera seinast helga nærast 12. september. I skogområda inntil ei veke seinare. Storfe sankast i god tid før fare for frost og snø. Ettersanking skal utførast inntil det er sikkerheit for at det ikkje går att dyr Dyrevernløva §5	Husdyreigar/beitelag
Radioaktivitet	Dyr frå obeservasjonsområde skal framstillast for måling før slakting. Målte dyr skal vera representative for området og hovudsank skal vera seinast 3 dagar etter måling. Dyrevernløva § 5	Husdyreigar/beitelag
Akutt tidlegsanking	Kvar husdyreigar må vera førebudd med nødvendig beiteareal/fôr for akutt tidlegsanking.	Husdyreigar

## 7. Kartvedlegg som syner

- **beitebruken**
- **råk og ferdselsvegar**
- **buer for beitebruk**
- **saltingsplasser**
- **sperregjerde**
- **sanke/skiljekveer**
- **andre installasjonar for beitedrift**

# TEIKNFORKLARING:

- 10 storfe
- 50 sau
- 50 geit
- Saltstein
- ⌘ Bu
- Dyreråk
- == Sperregjerde



## BEITEBRUKSPLAN FOR LOM KOMMUNE

Målestokk 1:200.000

Ekv. 20 m.

Høringsutkast 28.03.2007